



Knarvik Kafe og Thai Takeaway AS

Littlevika 29

5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykker:

Vår: 18/203 - 18/5570

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

20.02.2018

Svar på søknad om fettutskiljar Knarvik Kafe og Thai takeaway

Teknisk drift syner til brev datert 22.01.2018 og e-post 26.01.2018 vedkomande søknad om løyve til å knytte fettutskiljar med nominell størresle NS 5 til kommunalt leidningsnett.

Vedtak:

Teknisk drift, VVA, har vurdert søknaden og vil gje Knarvik Kafé og Thai takeaway, gbnr 188/69 - Gjervik Ytre, løyve til å kople fettutskiljar med nominell størrelse NS 5 til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Løyve til å kople fettutskiljar, NS 5, til kommunalt leidningsnett vert gitt ut i frå innsendt søknad med beregningsgrunnlag for val av størrelse på anlegg. Anlegg skal være plassert som vist på innsendt situasjonskart.
- Tømmefrekvens for anlegg i Lindås kommune er 3-12 gonger i året. For utskiljaranlegg ved **gbnr 188/69 vert tømmefrekvens satt til minimum 4 gonger per år**. Dersom det er behov for tilleggstømminger utanom faste tömminger, skal anleggseigar ta kontakt med tømmeoperatør for ekstra tömming. Kommunen kan krevje hyppigare tömming dersom vi ser behov for dette.
- For anlegg skal det sendast inn **minimum 2 temperaturlogger per år**. Logging skal utførast i perioder der anlegg er i **full drift og over 3 døgn**. Logging kan ikkje utførast dager når verksemder har stengt. Temperaturlogging skal utførast rett før tömming av anlegg.
- Fett frå ulike kilder har ulike smeltepunkt og ulike eigenskaper. Fett løysast opp ved 20°C og ved temperatur rundt 30°C vil anlegg ikkje lenger fungere. Optimal temperatur i utskiljaranlegg vil derfor være under 20°C. Dersom fettutskiljar ikkje held temperatur som er påkrevd for å fungere optimalt, vil Lindås kommune stille krav om utskifting til større fettutskiljar.
- Bruk av vaskemildar (såpe) fører til at fett emulerer og vert vanskeleg å skilje ut i anlegget. Berre godkjente vaskemildar skal nyttast og bruken av desse skal avgrensast til eit minimum. Kommunen forventar at anleggseigar går i dialog med kjemikalieleverandør, eventuell anna kompetanse,

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



for å optimalisere bruken av kjemikalier. Vi gjer merksam på at ein del kjemikalier påvirker anlegget sin reinsefunksjon.

- Minst ein gong i året skal utskiljaranlegg tömmast fullstendig og reingjerast grundig med varmt vatn. Spylevatn skal ikkje førast ut på kommunalt leidningsnett, men sugast opp av slambil. Alle overflater skal vedlikehaldas og kontrolleras (gjeld òg tidsur, skrapeverk, pumper og ventiler etc).
- Større mengder fett, som til dømes frityrfett/-olje, skal ikkje førast til utskiljaranlegg, men samlast opp og leverast til godkjent mottak. Dokumentasjon på dette skal ligge føre ved kontroll frå kommunen.
- Det skal ligge føre **skriftleg avtale med godkjent tømmeoperatør**. Avtalen skal omfatte **minimum 4 tömminger og 2 temperaturlogger per år**. Kommunen skal ha kopi av gyldig tømmeavtale.
- Anleggseigar skal ha jamnleg ettersyn av anlegg for å unngå driftsproblem, som til dømes tetting av rør, oversvømming/tilbakeslag og luktproblem. Anleggseigar skal òg sørge for at anna avfall ikkje vert ført på utskiljaranlegget (slam, stein, matrestar, plashansker etc).
- **For anlegg skal det førast driftsjournal.** I driftsjournalen skal tømmeoperatør føre inn når anlegg vart tømt, mengde fett som vart tømt, når temperaturlogging vart utført og driftsstans i samband med vedlikehald av anlegg. Driftsjournal skal være tilgjengeleg for kommunen ved kontroll. Skjema får ein ved å vende seg til kommunen.
- **Årsrapport:** Det skal sendast inn årsrapport for anlegg kvart år. Årsrapporten skal inneholde tømmerrapporter, temperaturlogger og kopi av driftsjournalen. Rapporten skal være kommunen i hende seinast **1. februar påfølgjande år**.

Bedrifter som har gode drifts, vedlikeholds og rapporteringsrutiner vil redusere kommunen sitt behov for å føre tilsyn.

- Ved ferdigmelding av anlegg skal det leverast inn «As built» teikningar og situasjonskart som viser tilknyttingspunkt til kommunalt leidningsnett. Teikningane skal vise kva som er ført på anlegg. Teikningar og situasjonskart skal være i målestokk (M 1:500)

Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløvye for Lindås kommune» Fylkesmannen i Hordaland, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift skal setje krav til utskiljaranlegg som skal knyttast på kommunalt leidningsnett. Føremål med krava er å sikre at vegetabil og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført ut på leidningsnettet og påfører dette og reinseanlegg skader.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knarvik Kafe og Thai Takeaway AS Litlevika 29 5914 ISDALSTØ